

MØTEBOK

Hjelmeland kommune

Saksnr: 0025/02 Utval: Arealplannemnda

Møtedato:
11.04.02

Saksansvarleg:	Torborg Kleppa		
Saksbehandlar:	Svanhild Hjorteland Gbada		
Klagerett over vedtak:	nei		
For vidare behandling:	☐		
		Utskrift vert sendt til:	Miljøverndepartementet

Arealplannemnda den 11.04.02

Sak 0025/02

HØYRING, FORSLAG OM ENDRINGAR I PLAN- OG BYGNINGSLOVA TIDSFRISTAR I PLANBEHANDLINGA

Arealplannemnda gjorde følgjande samrøystes

VEDTAK:

Hjelmeland kommune stiller seg positive til dei foreslåtte endringar i plan- og bygningslova vedrørande tidsfristar for behandling av reguleringsplan samt frist for innsigelse, jfr. høyringsnotat frå Miljøverndepartementet. Hjelmeland kommune påpeiker at det som i størst grad kan forsinke ein planprosess er saksbehandlingstida på fylket, då den fristen som kommunen har sett for uttale ikkje alltid blir overhalden. Saksbehandlingstida på fylket bør vere max to månader.

Hjelmeland Kommune
Sentralsekretariatet

Saksutgreiing:

Vedlegg i saka:

- Høyringsnotat frå Miljøverndepartementet.

Saksopplysningar / fakta:

Miljøverndepartementet har sendt ut eit forslag til endring av plan- og bygningslova til høyring, m.a. til alle landets kommunar. Endringane i dette tilfellet gjeld tidsfristar i samband med reguleringsplan-prosessar og frist for innsigelsar til reguleringsplanar. Departementet ber om høyringsuttalar på forslaget.

Vedlagt følgjer høyringsnotatet i sin heilheit. Rådmannen viser til dette, og referer her kun kort dei viktigaste endringane. Bakgrunn og vurdering av desse endringane kjem fram av det vedlagde høyringsnotatet.

Forslag til endringar:

1. Departementet foreslår at kommunen har ein **frist på maks 12 veker** på behandling av private reguleringsplan-forslag. Det vil seie at kommunen har 12 veker på seg frå planforslaget kjem inn, til det kjem opp til 1. gongsbehandling. Innan den tid skal ein òg rekke å korrigere evt. dårlege/lite faglege plankart. Dersom denne fristen ikkje blir overhalden foreslår departementet at forslagsstillar slepp saksbehandlingsgebyr.

Vurdering: Rådmannen stiller seg positiv til denne fristen. Vanlegvis har ein ingen problem med å overhalde denne fristen. Problema er i dei tilfella at planforslaget er så dårleg utarbeida at ein må sende det tilbake til planleggjar for korrigerings.

2. Departementet foreslår at dersom det tek lengre enn 24 veker frå 1. gongsbehandling til 2. gongsbehandling (dvs offentleg ettersyn) skal administrasjonen **rapportere** om forholdet til det faste utvalg for plansaker (her: arealplannemda)

Vurdering: Rådmannen stiller seg positiv til denne ordninga. Kommunen vil bemerke at det som tek tid i denne høyringsfasen er saksbehandlingstida i fylket. Vanlegvis har kommunen ingne problem med å overhalde denne fristen. Fylkesmannen har ei uttalt service-erklæring om min 2 mnd saksbehandlingstid for reguleringsplanar. I praksis tar det av og til lengre tid. Rådmannen meiner tidsfrisordninga òg må gjelde for sektormyndighetene slik at ikkje kommunane blir forsinka i sin prosess. 2 mnd saksbehandlingstid på fylket bør vere max.

3. Departementet foreslår at kommunen får ein frist på 12 veker frå planutvalget har hatt planen oppe til 2. gongsbehandling og til den kjem opp til endeleg behandling i kommunestyret.

Vurdering: vanlegvis går det rask tid mellom 2. gongsbehandling og kommunestyrebehandling i Hjelmeland. Tida mellom desse behandlingane er stort sett styrt av den politiske møteplanen. Vanlegvis er evt. mekling gjennomført før 2.gongsbehandling. Sjølv om ein skal mekle etter 2.gongsbehandling bør det vere god til innan dei 12 vekene. Problemet kan vere på sommaren; då det kan vere 3 mnd mellom kommunestyremøta.

4. Fylkeskommunen, nabokommune eller statleg fagmyndighet (t.d Statens Vegvesen, Fylkesmannen, Fiskeridirektoratet..) kan fremje innsigelse til reguleringsplanar. Innsigelsen innebærer at kommunen mister myndighet til å vedtta planforslaget sjølv. I dag må innsigelse fremjast før planforslaget vedtas av kommunen. Departementet foreslår nå at innsigelse skal fremjast medan planen ligg ute til offentlig ettersyn; dvs før 2. gongsbehandling. Dette betyr at innsigelse må fremjast tidlegare i planprosessen. Dermed blir planprosessen raskare, ryddigare og enklare å handtere.

Vurdering: Ein innsigelse kan medføre ekstra saksbehandling (forhandling/mekling) for kommunen, og det vil vere ei føremon at innsigelsen kjem tidleg i planprosessen. På den måten får kommunen betre tid til dialog med fagmyndighetene. Rådmannen er positiv til at det blir sett fristar for innsigelse.

Endringar i sjølve lovteksten kjem fram av høyringsnotatet.

Økonomiske konsekvensar: for kommunen ingen kjende.

Vurdering:

Ein viser til vurderingane ovanfor. Stort sett har ikkje Hjelmeland kommune dei heilt store og kompliserte reguleringsplan-prosessar, og difor går planane vanlegvis raskare enn det tidsskjema departementet nå legg opp til. Rådmannen ser likevel positivt på den foreslåtte endringa, jfr ovanfor.

Konklusjon:

jfr tilrådinga

Rådmannen si tilråding:

Hjelmeland kommune stiller seg positive til dei foreslåtte endringar i plan- og bygningslova vedrørande tidsfristar for behandling av reguleringsplan samt frist for innsigelse, jfr. høyringsnotat frå Miljøverndepartementet. Hjelmeland kommune påpeiker at det som i størst grad kan forsinke ein planprosess er saksbehandlingstida på fylket, då den fristen som kommunen har sett for uttale ikkje alltid blir overhalden. Saksbehandlingstida på fylket bør vere max to månader.

Hjelmeland den 25.03.02.